



Vestland fylkeskommune
Therese Elin Hagesæter
Postboks 7900
5020 Bergen

Referanser:
Dykkar: 2022/49858
Vår: 22/3117 - 22/41263

Saksbehandlar:
Kjartan Medaas
kjartan.medaas@alver.kommune.no

Dato:
30.05.2022

Førebels svar med trong for tilleggsopplysningar - gbnr 103/1,7 og 104/5 Fjellanger

Tiltak: Arealoverføring
Byggjestad: Gbnr 103/1,7 og 104/5- v/Lyngfjelltunellen
Tiltakshavar: Vestland fylkeskommune

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 08.04.2022.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Arealet som er søkt arealoverført frå gbnr 104/5 er omfatta av omsynsone for ras- og skredfare i kommunedelplan for Lindås. I punkt 4.1.3 i føresegna til planen går det fram at ved søknad om deling skal det gjerast ei geologisk vurdering av risiko for ras. Slik vurdering er ikkje lagt fram.

I følgje NVE sitt aksomhetskart er arealet omfatta av utløpsområde for snøskred.

2. Søknad om dispensasjon er heller mangelfull. Informasjon om dispensasjon finn ein mellom anna på kommune si heimeside: [Alver kommune - Dispensasjon](#)
Søknaden må grunngjevast betre.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 30.06.2022. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Kjartan Medaas
avdelingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Vestland fylkeskommune

Postboks 7900

5020

Bergen